

Saksprotokoll

Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida

Arkivsak-dok. 18/00293
Saksbehandler Eldgrim Springgard

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sektorutval for kultur og oppvekst	21.08.2018	21/18
2 Formannskapet		
3 Kommunestyret		

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommune held inntil vidare fast på dagens barnehagestruktur ved å skalere ned drifta i alle barnehagane.
2. Ål kommune byggjer om Nedre-Ål skule for å gi plass til alle elevane i sentrum, og legg ned Skattebøl skule frå hausten 2020. Det blir løyvd midlar i budsjett 2019 til ombyggingsarbeidet slik det er skissert i saksutgreiinga.
3. Ål kommune held fast på ein desentralisert struktur og legg til rette for fådelte skular i Leveld og på Torpo. Administrasjonen vurderer ulike driftsmodellar i samarbeid med barnehagane Nordbygdene og Torpo.

Sektorutval for kultur og oppvekst har behandla saka i møte 21.08.2018 sak 21/18

Behandling

Kommunalsjef Eldgrim Springgard orienterte kort og viste til brev frå personalet ved Skattebøl skule.

Ola Terje Oleivsgard (Sp) gjorde framlegg om å ta bort punkt 2 i innstillinga frå rådmannen.

Ola Terje Oleivsgard (Sp) gjorde framlegg om eit tillegg i punkt 3:

Ål kommune held fast på ein desentralisert struktur og legg til rette for fådelte skular for 1.-7. trinn i Leveld og Torpo. Skattebøl held fram som 1-4 skule. Det må prioriterast midlar for å oppgradere uteområdet på Nedre-Ål. Administrasjonen vurderer ulike driftsmodellar i samarbeid med barnehagane Nordbygdene og Torpo.

Jan Egil Grue (Ap) gjorde framlegg om å erstatte punkt 2 og 3 med eit nytt punkt:

Ål kommune held fast på ein desentralisert skulestruktur og vurderer ulike driftsmodellar i samarbeid med barnehagane i Nordbygdene og Torpo. Det blir lagt til rette for elevutjamning mellom Nedre-Ål og Skattebøl skule.

Dei to Ap-representantane slutta seg til ordlyden til Sp.

Live Magnetun (V) gjorde framlegg om eit nytt punkt 4: Sektorutvalet ber om å få nærare utgreidd eit alternativ med 1.-4. trinn ved skulane Skattebøl, Leveld og Torpo og 5.-7. trinn ved Nedre-Ål, før endeleg handsaming i kommunestyret.

Votering

Punkt 1: Framlegget til rådmannen vart samrøystes tilrådd.

Punkt 2: Framlegget frå rådmannen vart tilrådd med 4 stemmer (2 V, 1 H, 1 Krf). Framlegget om å stryke punkt 2 fekk 3 stemmer (2 Ap, 1 Sp).

Punkt 3: Framlegget frå rådmannen vart tilrådd med 4 stemmer (2 V, 1 H, 1 Krf). Endringsframlegget fekk 3 stemmer (2 Ap, 1 Sp)

Framlegget om eit nytt punkt 4 fekk 2 stemmer og fall (2 V).

Sektorutval for kultur og oppvekst si innstilling

1. Ål kommune held inntil vidare fast på dagens barnehagestruktur ved å skalere ned drifta i alle barnehagane.
2. Ål kommune byggjer om Nedre-Ål skule for å gi plass til alle elevane i sentrum, og legg ned Skattebøl skule frå hausten 2020. Det blir løyvd midlar i budsjett 2019 til ombyggingsarbeidet slik det er skissert i saksutgreiinga.
3. Ål kommune held fast på ein desentralisert struktur og legg til rette for fådelte skular i Leveld og på Torpo. Administrasjonen vurderer ulike driftsmodellar i samarbeid med barnehagane Nordbygdene og Torpo.